



Om søkjar

Søkjar

Namn på verksemd	AKADEMIET EIKANGER-BJØRSVIK
Org.nummer	917003157
Type verksemd	Stifting / Ideelt AS

Adresse

Musikkhuset
5902 ISDALSTØ

Kontaktperson

Namn	Sølvi Ones
Telefon	95758833
E-post	solvi@unison.as

Konto for utbetaling av tilskudd

36325934330

Om prosjektet

Saksnummer	2016/895
Namn på tiltak/ prosjekt	Utvikling og gjennomføring av nye tiltak for å styrka korpskulturen i fylket
Hovudmålgruppe for prosjektet	Barn/ungdom

Kvar og når?

**Geografisk
nedslagsfelt for
tiltaket/prosjektet** Heile Hordaland

Oppstartsdato	01-07-2016
Ferdigstillast	01-07-2019
Type prosjekt	hovudprosjekt

Kommentarar til gjennomføringa Akademiet Eikanger-Bjørsvik ynskjer å etablera seg som ei bærekraftig kulturverksemdverksemd med hovedfokus på styrking og vidareutvikling av det allereie eksisterande korpsmiljøet. Me meiner me kan klare dette i løpet av ein 3-årperiode.

**Omsøkt
støtnadsperiode**

I løpet av denne perioden vil me kartlegge behov, utvikle konsept og gjennomføre prosjekt.
3 år

Innhald i prosjektet

Sjanger og form

Sjanger	Musikk Kulturformidling
Form	utvikling

Om prosjektet

Akademiet Eikanger-Bjørsvik (AEB) ynskjer å formidle og vidareutvikle vår korps-kulturarv på ein levande måte til både nye og gamle brukarar. Å spele saman i korps er ein aktivitet som byggjer samhald og venskap på tvers av aldersgrenser, kjønn og kulturell bakgrunn. Dette er ein hobby som stimulerer og utvikler ein på mange plan: teamarbeid, matematikk, stressmeistring, organisasjonsutvikling, evna til å strekke seg endå lenger etc. AEB vil innan 3 år tilby undervisning og kurs innan desse områdene, men treng midlar til kartlegging/marknadsundersøking, konseptutvikling og oppstart av prosjekta. Etter 3 år er me visse på at AEB er ein bærekraftig kulturaktør.

Målsetting med prosjektet

Målsettinga er å få fleire til å spele i korps - og få fleire til å fortsette korpslivet etter endt skulekorpsstid. Dei seinare åra har det vore nedgang i NMF sine medlemstal (særleg i aldersgruppa 12-19 år) over heile landet. Ved hjelp av auka og meir tilgjengeleg undervisning og nye, inkluderande formidlingsformer - ynskjer me å vera ei pådrivar for at trenden skal snu. Difor ynskjer me å gå breitt ut, og tilby kurs innan organisasjonsutvikling og arrangementsutvikling til korpsa - i tillegg til musikkundervisning. Særleg er nybegynnarundervisninga viktig. AEB ynskjer å rokke ved det tradisjonelle faktum at du kun kan starte som aspirant når du er mellom 8-10 år. Kva med 14åringane. Kva med tilflyttarane. Kva med asylmottakarane?

Programområde

Kva programområde fell prosjektet inn under? A: Formidling og deltaking

Grunngjeving

For at AEB skal ha livets rett treng me midlar til å kartlegge behova i fylket. Kvar kommune har sin kulturskule, men samarbeidet mellom korps og kulturskule varierer enormt frå stad til stad. Det som er lett å få til via kulturskulen på Askøy - kan vera heilt umogeleg for korps i Lindås kommune. Me må deretter utvikle det konseptuelle knytta til kursa og undervisninga. Her ynskjer me å knytte til oss spisskompetanse frå musikkgymsasa i regionen, Manger Folkehøgskule og Griegakademiet. AEB



har eit stort kontaktnett av utdanna pedagogar innan musikk, spesialundervisning, organisasjonsutvikling, språk, arrangementsutvikling, musikkterapi og kommunikasjon. AEB er difor trygge på å kunne tilby undervisning på høgt nivå uansett sjanger.

Budsjett

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune

NOK 300 000

Utgifter

Utgift	Beløp
Kontaktmøter med skulekorps i Hordaland Fylke	50 000
Marknadsundersøking	40 000
Konseptutvikling A: organisjons- og arrangementsutvikling	30 000
Konseptutvikling B: nybegynnaropplæring for fremmedspråklige	40 000
Konseptutvikling C: talentutvikling	30 000
Konseptutvikling D: dirigentutvikling	30 000
Konseptutvikling E: ensemblespel og musikkformidling	30 000
Marknadsføring, formidling og sal av konsepta	50 000
Totale utgifter	300 000

Inntekter

Inntekt	Beløp
KUP-midlar, Hordaland Fylkeskommune	300 000
Totale inntekter	300 000

Kommentarar til budsjett

Dei ulike konsepta som skal utviklast, kan først fastsettast etter at brukarundersøkinga er gjennomført. Det er naudsynt at det er samsvar mellom etterspørsel og tilbod. For



å kunne utvikle konsept, og lage ein god undervisningsplan, er det naudsynt å kjøpe tenester og ekspertise frå kyndige personar. KUP-midlane går altså ikkje til ordinær drift av AEB, dei dekker innleigde konsulentar på dei ulike fagfelta.